

Frå Bach til Beatles

23.04.2010

Uskedelingen Hermund Døssland var ein av kulturskule-elevane som deltok i konserten med namnet Frå Bach til Beatles på Husnes onsdag.

Han spelar saman med læraren sin, Thomas Haave Backe, på biletet over.

Kvinnheringen skriv at konserten var ein demonstrasjon av det musikalske mangfaldet i kulturskulen

.Programmet veksla frå klassisk til pop. Dei mange frammøtte, brorparten familie og vener til muskarane, fekk ein triveleg kveld i godt selskap.

(Foto: Aasmund Taarn Sande)